

NVE – Konesjons- og tilsynsavdelingen
V/ Dag Kjellevoid
Pb. 5091 Majorstua
0301 Oslo

06.06.2013

Høringsutsagn for Sjørdalselva kraftverk i Vanylven kommune i Møre og Romsdal fylke

Bakgrunn

Vi viser til brev der dere ber om Småkrafts kommentarer på mottatte høringsutsagn vedrørende konsesjonssøknaden for Sjørdalselva kraftverk i Vanylven kommune i Møre og Romsdal fylke. Sjørdalselva skal behandles sammen med 5 andre søknader. Noen av uttalelsene som er kommet inn gjelder samlet for alle søknadene. Småkraft gir her svar på uttalelsene som gjelder generelt for alle søknadene samt for Sjørdalselva kraftverk.

Følgende interessenter har gitt sitt høringsutsagn i saken:

- Tussa Nett AS
- Istad Nett AS
- Vanylven kommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
- Ålesund og Sunnmøre Turistforening
- Direktoratet for mineralforvaltning

Tussa Nett AS:

Brandefjellet, Helgåa, Kasseelva, Sjørdalselva og Tenneelva kraftverk vil mate inn i Tussa Nett sitt 22 kV nettet enten under Åmela eller Åheim transformatorstasjon, avhengig av nettdeling og kor mange av dei planlagde kraftverka som blir realisert. Ut frå begge desse transformatorstasjonane går det 66 kV linjer vidare til SFE Nett sitt regionalnett i Sogn og Fjordane og vidare mot sentralnettet i Leivdal/Åskåra.

I Vanylven er det mange planar om bygging av nye kraftverk i tillegg til dei som har søkt konsesjon.

Utrekningar med dagens produksjon og all planlagd produksjon viser at det ikkje er kapasitet i dagens distribusjons- og regionalnett til ta i mot all ny småkraftproduksjon. Dersom alle planlagde småkraftverk blir bygd ut, vil det bli nødvendig med omfattande nettforsterkingar.

I regionalnettet må ein auke kapasiteten i 66 kV linjene ut frå Åmela/Åheim til Eid eller til Bryggja for å få nok kapasitet til alle nye planlagde småkraftverk.

Brandefjellet, Sjørdalselva, Helgåa:

Alle desse kraftverka vil bli plassert i området Syvde-Sjørdalen i Vanylven kommune og vil mate inn mot regionalnettet i Åheim og vidare til sentralnettet i Leivdal eller Åskåra. I 22 kV nettet må ei oppgradere linjenettet frå Syvde til Åheim, totalt 18,5 km. I tillegg må ein skifte ut transformatoren i Åheim og oppgradere 66 kV nettet frå Åheim mot Åmela/Eid eller mot Bryggja.

Det er viktig for Tussa Nett AS at alle kraftverka blir handsama samtidig. Da veit vi om lag kor mykje effekt som skal matast inn i nettet slik at nødvendige nettførsterkningar blir tilstrekkeleg dimensjonert, men samtidig ikkje overdimensjonert.

Småkraft AS sine kommentarer:

Småkraft er kjent med nettsituasjonen i området. Dersom det blir gitt konsesjon til Sjørdalselva vil vi ta kontakt med nettselskapet for å se på detaljer vedrørende tilknytning. Vi er innstilt på å betale nødvendig anleggsbidrag for å få koblet Sjørdalselva kraftverk på nettet.

Istad Nett AS:

De konsesjonssøkte kraftverkene vil, etter at prosjektet med ny 420 kV ledningen Ørskog – Fardal er fullført, påvirke overføringsbehovet i en liten del av regionalnettet til Tussa Nett, samt regionalnettet til Sogn og Fjordane Energiverk. Vi har hatt dialog med nevnte regionaleiere, og det er sendt en felles høringsuttalelse i form av brev fra Tussa Nett datert 20.03.2013 med et vedleggsnotat fra Sogn og Fjordane Energiverk. Brevet behandler også nettkapasiteten i distribusjonsnettet. Vi stiller oss bak dette brevet, og har ikke noe å tilføye.

Småkraft AS sine kommentarer:

Se svar til Tussa Nett AS

Vanylven kommune:

Ref. mail fra Sigurd Rovde i Vanylven kommune. Saken blir behandlet politisk i Driftsutvalet 04.06.13.

Småkraft AS sine kommentarer:

Vi avventer kommentarer til oversendelse av uttalelse fra kommunen er kommet fra NVE.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Vanylven kommune.

Fråsegn til søknad om bygging av 6 småkraftverk. Brandefjellet, Tennelva, Helgåa, Sjørdalselva, Kasselva, og Høgelida kraftverk:

Generelt:

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til å vurdere prosjekta samla, men har kommentarer til NVEs praksis om behandling i «pakker»

Sjørdalselva:

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og mellom anna NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet.

Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet.

I kapitel 5.4.1 er det informert om ein tidligare kartlagt kystmyr med naturtypeverdi A, men som ikkje vil bli påverka av tiltaket. Vi har ikkje synfart området og vi har heller ikkje detaljkunnskap om inngrepa like ved myra. Det er derfor ønskeleg at NVE gjennom sin førehaving av søknaden krevjar tekniske løysingar som på både kort og lang sikt hindrar ein kvar form for drenering av myra.

Fisk:

Omsøkte kraftanlegg kjem i konflikt med ferskvassbiologiske tilhøve i øvre del av Sjørdalselva. Kraftstasjon er planlagt på anadrom strekning som her består av to elvegreiner, ein vestre og ein austre del. Begge desse greinene har verdi for gyting og produksjon av anadrom fisk.

Tilhøva omkring fiskebestandar er nemnt i rapporten om biologisk mangfald. Vi finn likevel grunn til å setje sterkare fokus på dei fiskeribiologiske tilhøva i dette øvre elveavsnittet og verdien av å halde dette i hevd. Vi ber såleis om at kraftstasjonen i det minste vert flytta til området for elvedele.

Landskap/INON/friluftsliv

Inntaket vil bli liggande like ved alpinsenteret ved Øvreberg. Heile fjellområdet i sørlige delen av Vanylven mot Nordfjord er registrert som regionalt friluftsområde. Øvreberg i Sjørdalen er den viktigaste innfallsporten. Ein bør vurdere om inntaket kan flyttast eit stykke lenger ned (100 m —150 m), for å unngå ei gamal bru over elva og ta vare på eit strykparti som har klare landskapskvalitetar.

Tiltaket vil ikkje redusere INON i nemneverdig grad (under 100 dekar).

Konklusjon:

Fylkesmannen vil ikkje fråå ei utbygging av Sjørdalselva kraftverk dersom kraftstasjonen blir flytta ovanfor elvedelet (minimum ca. kote 95). Dette for å sikre tilhøva for anadrom fisk. Ein bør også vurdere å flytte inntaket noko lenger ned.

Småkraft AS sine kommentarer:

Forhold vedrørende behandlingspraksis er valg gjort av NVE og vil ikke bli kommentert videre.

Kartlagte kystmyr ligger ovenfor inntak på Sjørdalselva og vil således ikke bli berørt av en utbygging.

Det er foretatt en grundig undersøkelse av fiskebestand i Sjørdalselva. Rapporten konkluderer med at dersom en slipper minstevannføring i det østre løpet og utløpet fra stasjonen går i det vestre vil det medføre små endringer for anadrom fisk.

Inntaksområde er planlagt i et område med eksisterende inngrep, skianlegg, servicebu og parkering. Vi kan således ikke se at inntakskonstruksjon vil være nevneverdig negativt for landskap.

Møre og Romsdal fylkeskommune:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut fra sine ansvarsområde følgende merknader:

Sjørdalselva, Syvde, Vanylven k.

Den flotte brua like nedstrøms tiltaket og den gamle vegen mellom kote 260 og 230 er kulturminne som tidlegare ikkje var kjent for oss då våre register knytt til nyare tida kulturminne omfattar berre bygg. Brua må under ingen omstende verte prega av inngrep eller utsett for fare som fylgje av inngrep. Vegen må og søkast omsynstaking til.

Det vert ikkje kravd arkeologisk registrering knytt til konsesjonssøknad, men vi minner om at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne frå mellomalder eller eldre, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med oss for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Kraftforsyning, verdiskaping og næringsutvikling

Utbyggingane vil gi auka verdiskaping og gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad i distriktkommunar. Inntekt frå kraftsal kan for enkelte grunneigarar bety mykje for vidare næringsverksemd knytt til gardsbruk eller anna verksemd, og kan gi gode

ringverknader til lokalsamfunnet.

Vassregionmyndighet - (VRM)

Møre og Romsdal fylkeskommune som vassregionmynde har følgjande samla innspel til utbygging av seks småkraftverk i Vanylven og Vågsøy kommune:

- Vassdrag som skal byggast ut, må ha tilstrekkelege naturfaglege undersøkingar slik at dei kan bli klassifisert etter vassforskrifta sine krav. Berre på den måten kan ein vurdere om ein oppfyller krava i vassforskrifta § 12.
- Saksbehandlinga av søknadene må samordnast med tiltaksanalysearbeidet i Søre Sunnmøre vassområde.
- Ein ber om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.)

Planfagleg merknad

Kommuneplanarbeidet har i stor grad fokusert på reiseliv, og det ligg inne framlegg til store areal avsett til fritidsbustader både på fjell og langs sjøen. Det er viktig at utbygging av småkraftverk vert drøfta i høve denne reiselivssatsinga, slik at ein ivaretek dei sentrale landskapskvalitetane i kommunen. Estetisk utforming av anlegga vil vere sentralt, og særskild det å unngå store synlege sår i landskapet. Når det gjeld sjølve bygnadane som skal oppførast bør det også leggjast stor vekt på utforming og plassering av desse i høve landskap og eventuell tilgrensande busetnad.

Småkraft AS sine kommentarer:

Inntak på Sördalselva er planlagt oppstrøms den gamle brua over elven. Konsekvens i område vil bli mindre vannføring og en rørgate som passerer i nærheten av brofeste. Tiltaket vil ikke komme i fysisk berøring med dette kulturminne.

Lengre ned vil rørgaten bli bygget i tilknytning til den gamle vegen langs elven. Deler av vegen er rast ut. I de områder vegen blir berørt vil vi tilbakeføre best mulig og sikre mulighet for ferdsel.

Ved etablering av inntak, rørgate og anleggsvei, vil Småkraft legge til rette for at kulturminnelova § 8 blir tatt hensyn til.

Konsesjonssøknaden er utarbeidet etter de krav som er satt av NVE. Prosessen er grundig med sterk medvirkning fra berørte parter. Utredningsgrunnlaget skal være et godt grunnlag for å avgjøre konsesjonsspørsmålet etter gjeldende lovverk. Dersom NVE krever ytterlige utredninger vil disse bli utarbeidet.

Forhold til VRM blir ivaretatt som en del av konsesjonsbehandlingen.

Estetikk og tilpasning til terreng er forhold Småkraft tar hensyn til i alle våre prosjekt.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal:

Naturvernforbundet har kommentert 7 generelle punkt som gjelder NVEs behandlingssystem mer enn det enkelte prosjekt. For utdyping av de enkelte punkt vises det til uttalen.

I høyringsbrevet vert vi bedne om å uttale oss både om pakken, og om dei einskilde vassdraga. Vi vert og utfordra til å vektlegge dei tema som etter vårt syn er mangelfullt belyst i søknaden.

1. behandling pakker.
2. vurdering av samla belastning.
3. biologisk mangfald.
4. kunnskapsgrunnlaget.
5. referansene til Vassdirektivet.
6. oppfølging av konsesjonsvilkår.
7. tekniske alternativ

Desse sju fokusområder er bakteppe og grunngeving for vurderingene våre av konsesjonssøknadane i Vanylvenpakken.

Sørdalselva kraftverk:

Både inntaksområdet, røyrkata og kraftverksområdet ligg nært andre menneskepåførte inngrep. Likevel har området preg av intakte økosystem.

Om Sørdalselva kraftverk får konsesjon, vil vi krevje at inntaket vert flytta til om lag kote 250, på grunn av desse omsyna:

1. Myrområdet
2. Elvelandskapet må bevarast som rekreasjonsområde for brukarane av skisenteret og for friluftslivet.
3. Spora etter den gamle vegen og steinmurane må takast omsyn til som eit kulturminne.

Vi er usikre på kva konsekvensar tiltaket vil få for gyteområdet til anadrom fisk.

Ein bør vurdere om kraftverket bør flyttast om lag 20 høgdemeter opp, på høgd med, men aust for det planlagde riggområdet, og med vasslepp høgre opp i elva enn det som er tenkt i søknaden.

Småkraft AS sine kommentarer:

Viser til kommentarer ovenfor til Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Ålesund og Sunnmøre Turistforening:

Ålesund og Sunnmøre Turistforening ønskjer i høyringssaka for byggjing av småkraftverk i Vanylven kommune Møre og Romsdal, å støtte Naturvernforbundet si faglege vurdering. Vi ser at viktige område for natur og friluftsliv vil bli råka ved utbyggjing. Den Norske Turistforening har som målsetting å bedre folks turtilbod i nærområdet, men ser at det stadig oftare blir inngrep i dei områda som folk allereie nyttar.

Småkraft AS sine kommentarer:

Viser til kommentarer ovenfor til Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Direktoratet for mineralforvaltning:

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til saka over, motteke 01.03.2013.

DMF kan ikkje sjå at dei ovanfor nemnde tiltaka vil kome i konflikt med viktige, kjende mineralske førekomstar. Vi har følgeleg ikkje merknader til saka.

Småkraft AS sine kommentarer:

Vi registrerer at DMF ikke har merknader til saken.

Småkrafts konklusjon:

Vi mener at fordelene ved en utbygging av Sjørdalselva kraftverk er større enn ulempene. Europa og Norge trenger mer fornybar energi! For å realisere en småkraftutbygging, er den avhengig av at de som innehar rettighetene til ressursene griper fatt i muligheten og iverksetter utbygging.

Småkraft har etter 34 ferdig bygde kraftverk fått god erfaring med å rydde, revegetere anleggsområder. Vi har fått positive tilbakemelding på utført arbeid og vi har fått byggeskikkspris på Oftedal i Sirdal kommune. Vi ber derfor NVE vektlegg de positive virkningene prosjektet vil medføre i den videre behandlingsprosessen.

Vennlig hilsen


Martin Vangdal
Prosjektleder konsesjon


Kari Seim
Prosjektkoordinator